



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Kommunal planstrategi 2020 – 2023

Vedtatt i Kommunestyret, 12.11.20

INNHALD:

1	Bakgrunn og formål	3
2	Plansystem	3
2.1	<i>Kommuneplanens samfunnsdel</i>	3
2.2	<i>Kommuneplanens arealdel</i>	4
3	Overordna føringer som har betydning for kommunens planbehov	5
4	Utviklingstrekk	7
5	Vurdering av planbehovet	17

Foto framside: Svein Mortensen

1 Bakgrunn og formål

I samsvar med plan- og bygningslova (§ 10-1) skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val for samfunnsutvikling. Kommunen skal i arbeidet innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør og legge opp til brei medverking og ålmenn debatt som grunnlag for behandlinga. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyrets behandling.

Ved behandlinga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Kommunestyret kan der ta stilling til om det er behov for igangsetting av arbeid med nye planar i valperioden, eller om gjeldande planer bør reviderast eller opphevast.

Formålet med planstrategien er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør prioritere i valperioden, for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Planlegging skal være behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. Planstrategien vil dermed ta utgangspunkt i planstrategi 2016 - 2019 og vurdere planar som kan gå ut, reviderast eller nyoppretta.

Nedbryting av kommuneplanen til årlege tiltak er gjort gjennom SMART-mål¹, til oppfølging i leiargruppa og einingane. Dette gir ei meir dynamisk styring av organisasjonen enn fagplanar/kommunedelplanar, og sikrar samstundes konsistens og langsiktigheit i tråd med gjeldande kommuneplan. Fagplanar vil dermed ha som formål å bygge opp kunnskapsgrunnlag og sikre involvering partar innanfor særrområde, for å støtte operativ leing og målsetjingar i lina.


2 Plansystem

Kommunens plansystem består av ein overordna kommuneplan, som gir ein samla plan for utviklinga i kommunen, og inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel.

2.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel følger plan og bygningslova kapittel, §11-2 - §11-4 og tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Åmli samla og kommunen som organisasjon. Den inneheld ei vurdering av strategiar for utviklinga i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel gir måla for tenesteområda og grunnlag for fagplanar i Åmli. Måla i planen er tatt vidare til oppdaterte årsmål for einingane, med gjennomføring av handlingsplanar. Effekten av desse blir vurdert opp mot oppdatert statistikk, spesielt frå årlege tal utarbeidd av Agder Fylkeskommune (Agdertal, 2020). Dette skal sikre den strategiske og langsiktige retninga forankra i kommuneplanen, men samstundes nok fleksibilitet for å ta høgde for endringar i perioden.

¹ S - Målet må kunne definerast spesifikt/konkret, M - Målet må vere målbart, A - Målet må vere ambisiøst (men akseptert og oppnåeleg), R - Målet må vere realistisk, T - Målet må vere tidsbestemt



Figur 1: Korleis kommuneplanen er omsett til hovud- og delmål, og sett i verk gjennom årlege mål

Hovudmåla i kommuneplanen er utforma av tenesteområda, leiargruppa, politikarar og gjennom folkemøte i kommunen. Måla er gruppera i tre hovudbolkar; «Berekraftig verdiskaping», «Gode tenester» og «Framtidsretta organisasjon». I tillegg er det laga delmål for alle tenesteområda. Hovudmåla for kommuneplanen 2019 - 2031 er gitt under. Desse er kortfatta og breie, medan mål basert på desse att, sett i verk i årlege handlingsplaner, skal følge krav til «SMART»-mål.

Tabell 1: Hovudmål i kommuneplan 2019 - 2031

Berekraftig verdiskaping

- Samfunnsmessig vekst og utvikling
- God infrastruktur
- Gode bumiljø

Gode tenester

- Ta vare på heile mennesket
- Læringskultur
- Meistring og livskvalitet

Framtidsretta organisasjon

- Strategisk planlegging og styring
- God kommunikasjon og informasjon
- Omstilling- og tilpassningsdyktig organisasjon med rett kompetanse og kapasitet

2.2 Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel følger plan og bygningslova kapittel, §11-5 - §11-11 og syner samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk og gir hovudtrekk i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og arealbruk, samt omsyn som ein må ta ved disponering av areal. Kommuneplanens arealdel dekkjer plankart med føresegner og syner hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areal. Kommunen har skild ut sentrum med eigen delplan.

3 Overordna føringar som har betydning for kommunens planbehov

Nasjonale forventningar:

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for berekraftig utvikling i hele landet. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med planstrategiar. I den siste rettleiaren

(<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-nn.pdf>) legg regjeringa vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og en forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

I Kommuneproposisjonen 8 (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommuneproposisjonen-2020-og-revidert-nasjonalbudsjett-2019/id2662143/>) orienterer KMD om det økonomiske opplegget for kommunesektoren og prioriteringar gjennom nasjonalbudsjettet som er ei viktig ytre ramme for kommunen for drift og utvikling.

Regionale planer og føringar:

Regionplan Agder 2020 Agder

Regionplan for Agder viser utfordringar og mogelegheiter for vidareutvikling, og gir føringar for kommunalt arbeid. Kommuneplanen for Åmli er bygd rundt regionplanen, og seinare planlegging og målsettingar bør i størst mogeleg grad følge same lest. Her er især Agdertal viktig for å måle effekt av kommunalt arbeid, då den gir årleg tal-oppdatering på kommunenivå for områda «Demografi og overordna utviklingstrekk», «Klima og energi», «Areal og transport», «Skule og utdanning», «Arbeids- og næringsliv», «Kultur og kulturminne» og «Folkehelse». (<https://agderfk.no/f/p1/ic16d31fa-7042-4ec9-a2f2-08cbd58cf8f1/agdertall-2019.pdf>)

Planstrategi for Agder 2020

Regional planstrategi for Agder skal vedtakast hausten 2020. Denne har endå ikkje komen på høyring, men Åmli har gitt innspel på at oppdatering av Agdertal årleg vil vere viktig for å kunne vere målbart i kommuneplanarbeidet.

Rettleiarar og verktøy for mineralforvaltning, vassdrag, miljø og klima:

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) har fleire tenester som er viktig for planlegging og arealdisponering i kommunen. Av desse kan nemnast:

- NVEs karttjenester som viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg - <https://www.nve.no/karttjenester/>
- NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVE sine saksområde i arealplanlegging http://publikasjoner.nve.no/veileder/2017/veileder2017_02.pdf
- NVE retningslinjer 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar som beskriv kva flaum- og skredprosess som kan utgjere fare, og korleis desse farane vurderast og innarbeidast i kommunal planlegging http://publikasjoner.nve.no/retningslinjer/2011/retningslinjer2011_02.pdf

Av andre offentlege tenester og dokument kan i sær nemnast:

- www.miljokommune.no med oversikt over kommunens sakshandsaming innan klima, forureining, naturmangfald, kultur og kulturminne, vassforvaltning mm.
- Klimaprofilane for Agder, som gir innspel til tilpassing til klimaendring, med kraftig nedbør, auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold, skred mm

<https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-agder>

- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-28-1469>
- For vurdering av overvatn er det ulike publikasjonar frå Norsk Vann, bl.a. Norsk Vann sin rettleiar A162- «Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering» og Norsk Vanns rapport B22- «Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling»,
- Datasett med førekomstar av grus, pukk og mineralresursar: https://objektkatalog.geonorge.no/Pakke/Index/EAPK_FBC0475B_D765_45c4_93E6_070489AFD952
- Mineralloven med tilhøyrande forskrifter: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-101>

Oppfølging av kommuneplan 2019 - 2031 i planstrategiarbeidet

Gjeldande kommuneplan, både samfunnsdel og arealdel, er godkjent av kommunestyret i 27.2.2020 (PS 20/1). Dette er eit godt utgangspunkt for å vurdere anna planverk. I prosessen med å utforme denne, kom det samstundes fleire innspel som blir tatt inn til vurdering for planstrategien:


I høringsuttale ber Fylkesmannen i Agder (FM) at det i arbeidet med planstrategien drøftast om der er ny kunnskap som tilseier at det er behov for endringar i kommuneplanen, og etterspør rapporten om folkehelseoversikt for Åmli som skulle vore klar i 2019. FM ber kommunen prioritere ei fullstendig gjennomgang av føresegnene til kommuneplanens arealdel ved neste kommuneplanrevisjon for å gjere denne meir oversiktlig og tilgjengelig.

Under behandling av ny kommuneplan 2019 - 2031, arealdel i kommunestyret, vart denne godkjent med følgjande endringar:

- På side fire i arealdelen (planføresegner) må ordlyden endrast frå «skal ikkje overstige 5 daa» til «bør ikkje overstige 5 daa».
- Dei områda som er lagt som framtidige byggeområde for fritidsbustader (F-felta), og som det då ikkje er varsla oppstart av reguleringsplan for, vil ved neste rullering av kommuneplanen bli tilbakeført til LNF-areal

4 Utviklingstrekk


Agdertal 2019 er eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for Agder fylkeskommunes arbeid med regional planstrategi, oppfølging av Regionplan Agder 2030, og utarbeiding av andre planar og strategiar. Kommuneplanen for Åmli 2019 - 2031 har nytta Agdertal 2018 som grunnlag for å utarbeide sine mål og strategiar. Kommunens relative plassering er samanstillt ei SWOT-analyse² utforma gjennom arbeidsmøte med tenesteområda, leiargruppa og kommunestyret i Åmli for å samanfatte statistikk og analysegrunnlag, der dei ulike eigenskapar i Åmli kommune er plassert mot korleis ein ser kommunen si plassering relativt til andre kommunar på Agder. Kommuneplanen og årlig målsettingsprosess for kommuneplan er utforma med utgangspunkt i å avbøte svakheiter, unngå truslane, verne om styrkane og gripe moglegheitene i kommunen. Agdertal for 2019 er nå klare, og SWOT-analysane oppdaterte for desse. Endringar i grønt er klart forbetra sidan sist, medan raudt er klart svakare.




Figur 2: SWOT-analyse for Åmli kommune (Agdertal 2019)

Relativt til andre kommunar i Agder vurderer ein at Åmli har svakheiter/utfordringar knytt til ei flat folketalsutvikling, totalt sett. Det er likevel ulikskapar mellom områda, der sentrum og Tovdal har vekt med auke i folketalet, medan nedgangen i øvrebygda har vore størst.

² SWOT av engelsk, med følgande tyding: S: Styrke (strength), W: Svakhheit (weakness), O: Mogeleghet (opportunity), T: Trussel (threat). Diagrammet er eit analyseverktøy som vert nytta til å systematisere informasjonen.




Figur 3: Samla vekst på Agder i 2014 - 2019




Figur 4: Befolkningsutvikling 2014 – 2019 på grunnkrets nivå

Austregionen inkludert Åmli har framleis noko høgare alkohol- og tobakksbruk enn fylket elles, men mindre forskjell enn kva som var tilfelle i føregående år.

Andel 18 år og eldre i Agder som drikker normalt 5 alkoholenheter eller mer hver gang de drikker alkohol




Kilde: : Foreløpige tall, Fylkehelseundersøkelsen i Agder 2019.




Figur 5: Alkohol- og tobakkbruk

Del av innbyggartalet i låginntektsgrupper er betra frå tidligare år. Oppdaterte tal frå Ung i Agder 2019 syner at elevar i ungdomsskule og vidaregåande skule som rapporterer om dårleg familieøkonomi er 6 prosent i Agder. Åmli kommune har dei lågaste tala i 2019 av kommunane med 2% av ungdommane som svarer at «foreldra heile tida eller stort sett heile tida har hatt dårleg råd dei to siste åra».



Figur 6: Del ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande skole (8. trinn - Vg3) busett i den aktuelle kommunen som svara at foreldra heile tida eller stort sett heile tida har hatt dårleg råd de to siste åra.


Mykje av Åmli kommune ligg utanfor den største arbeidsmarknaden i fylket, i aksen mellom Arendal og Kristiansand, om ein nyttar ein definisjon på maksimalt 45 min reiseveg. Åmli ligg i eit trafikk-knutepunkt både for Fylkesveg 415 og Riksveg 41, men vegane treng oppgradering på mykje av strekka og er politisk vurderte som satsingsområde. Det er relativt få arbeidsplassar i tenestesektoren, og kommunen er framleis av dei i Agder som har lågast utdanningsnivå.



Figur 7: Innbyggerars utdanningsnivå på Agder sortert etter grunnskole som høgste utdanningsnivå


Som truslar uttala politikarane i kommuneplanprosessen det at kommunen har ein større del av verneområda for produktiv skog i Agder enn snittet. Kommunen har relativt få offentlege arbeidsplassar, og ligg lågare på allmenn folkehelse. Som del av kommunane i austregionen, ligg Åmli høgare på utfordringar med psykisk helse hos unge, men skil seg mindre ut negativt enn tidlegare - sjølv om skilnadane er små. Det er framleis gjengroing av gamle jordbruks- og beiteområde, men dette er ei større utfordring lengre vest i fylket.

Kilde: Foreløpige tall, Fylkehelseundersøkelsen i Agder 2019.




Figur 8: Allmenn helse, fordelt på geografi i Agder

Kilde: Foreløpige tall, Fylkeshelseundersøkelsen i Agder 2019.



Figur 9: Del med psykiske plager, i Agder.

For sysselsettingsgrad gjeld tala for 2018, og er noko mindre oppdatera. Åmli har lågare sysselsetting enn fylket og landet totalt, sjølv om den er noko høgare enn kystkommunane i austregionen. Her er situasjonen totalt endra etter korona-epidemien og ein må sjå utviklinga nærast frå veke til veke. Per 12. mai 2020 ligg Åmli blant dei kommunane med lågast arbeidsløyse, med rundt 5 prosent. Dette er likevel isolert sett er ei sterk auke av arbeidsløysa frå før krisa tok til, som då låg rundt 3%.







Figur 10: Sysselsettingsdel per kommune, personer 20-66 år, 2018.

Kommunefordelt ledighet Agder 12. mai 2020


Det er til sammen 10 844 helt ledige i Agder, 7,2 prosent av arbeidsstyrken mellom 15 og 74 år.

Siste uke har antall helt ledige blitt redusert med 1 474 personer
Delvis ledige økte med 498 i samme periode




Figur 11: Heilt og delvis ledige som prosent av arbeidsstyrken per kommune i Agder, NAV, 12. mai 2020

Gjennomføringsgrad i videregående skule for Åmli var i kommuneplanprosessen lågast i Agder for det året statistikken var tilgjengeleg. Dette har endra seg mykje, noko som kan ha samanheng med spesifikk satsing i kommunen. Tala for 2013 - 2018 syner at kommunen ligg øvre sjikt på gjennomføring, med gjennomføring på 83% mot 46% i føregående år.




Figur 12: Gjennomføring i videregående opplæring 2013-2018

Av styrkar i kommunen ser ein høg deltaking i organiserte og uorganiserte aktivitetar. Åmli er ein kommune som er rik på kulturminne og har tradisjonelt hatt eit betre kulturtilbod enn mange andre kommunar i Agder og i landet elles. Åmli har relativt kort veg både til universitet og flyplassar, har store vassressursar og ein del vasskraftproduksjon. Kommunen skårar svært høgt på at innbyggarane vurderer kommunen som trygg å ferdast og å vakse opp i, samt «god og sterk sosial støtte i nærmiljøet» i kommuneplanarbeidet av kommunane på Agder (ikkje oppdatert for 2019). Ein ser likevel at austre del av Agder ligg noko høgare på «einsemd» blant vakse over 18 år enn fylket elles.




Figur 13: Ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande skule (8. trinn - Vg3) busette i den enkelte kommunen som føler seg trygge når de er ute i nærområdet sitt om kvelden (Ung i Agder 2019)



Figur 14: Vaksne over 18 år i Agder som er einsame målt etter score i The Three-Item Loneliness Scale.

Av moglegheiter ser ein framleis tilgjengelege og regulerte hytteområde i kommunen i relativt kort avstand frå kystområda. Det er aktivt jordbruksmiljø og mykje fjell- og heiresursar. Kommunen har god tilgang på, og tilrettelagt

for, lågterskel friluftstilbod, så som bruk av nærområde til turar i skogen eller på fjellet. Agderfylka har eit relativt godt gründermiljø og Åmli har satsa på ein aktiv næringspolitikk med støtte og tilrettelegging for næringsetablering og reiseliv i kommunen. Jernbanen kryssar kommunen, med sidespor både til Arendal og Simonstad, noko som gir gode mogelegheiter for miljøvennleg transport både av gods og personar. Åmli har mange industriarbeidsplassar og kommunen er av dei største skogkommunane i Agder, målt i avverking og produktivt skogareal. Åmli har såleis skogressursar til å ta ein sterk posisjon som del av eit grønt skifte.



Figur 15: Nyetableringar per 1000 innbyggjarar, 2018

Nokre parameter vart sett som «nøytrale» då vurdering av desse anten var på snittet i Agder, eller at dei er ulikt politisk oppfatta. Kommuneplanarbeidet gjekk samstundes med høyring for «nasjonal ramme for vindkraft», der NVE vurderte område frå Skjeggedal, Tovdal til Gjøvdal til å vere godt eigna for utbygging av vindkraft. Om ein ser dette som ein trussel eller mogelegheit kjem an på kva ein vektlegg, og dette vart sett overordna nøytralt av politikarane. Sentralisering internt i kommunen, med auke av folketal i kyrkjebygda, og minke i folketal i mange grender (med unntak av Tovdal) er sett nøytralt. Fibertilknyttinga er som på snittet i Agder, men dette skuldast truleg manglande rapportering i overgang mellom ulike nettfirma som eig infrastrukturen, og opplevast som relativt god.

Folkehelseinstituttet (FHI) lagar årleg ein folkehelseprofil for kommunane i Noreg. Tala for 2020 syner at Åmli ligg signifikant lågare enn snittet i landet for del einslege forsørgjarar (11% i Åmli mot 15% i landet), har god drikkevassforsyning og betre luftkvalitet enn landet elles. Kommunen ligg tilsvarande svakare på del med høgare utdanning, mottakarar av stønad til livsopphald, overvekt hos unge og antibiotikabruk/reseptar

FOLKEHELSEPROFIL 2020

Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikten nedenfor sammenliknes noen nøkkel tall for kommunen og fylket med landstall. I figuren og tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønns sammensetning sammenliknet med landet. Klikk på indikatornavnene for å se utvikling over tid i kommunen. I Kommnehelsa statistikkbank, <http://khs.fhi.no> finnes flere indikatorer samt utfyllende informasjon om hver enkelt indikator.

Vær oppmerksom på at også «grønne» verdier kan innebære en folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter.

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- ◆ Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- ▬ De ti beste kommunene i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkehelsebarometer for Åmli
Befolknings	1 Andel over 80 år	5,1	4,1	4,2	prosent	
	2 Personer som bor alene, 45 år +	29,7	24,6	25,5	prosent	
Oppvekst og levekår	3 VGS eller høyere utdanning, 30-39 år	74	79	80	prosent	
	4 Lavinntekt (husholdninger)	6,7	8,3	7,4	prosent	
	5 Inntektsulikhhet, P90/P10	2,5	2,7	2,8	-	
	6 Barn av enslige forsørgere	11	15	15	prosent	
	7 Stønad til livsopphold, 20-66 år	24	20	16	prosent (a,k)	
	8 Bor trangt, 0-17 år	21	15	19	prosent	
	9 Leier bolig, 45 år +	12	11	12	prosent	
	10 Trives på skolen, 10. klasse	80	84	85	prosent (k)	
	11 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl.	35	26	24	prosent (k)	
	12 Fråfall i videregående skole	26	20	20	prosent (k)	
Miljø, skader og sykdom	13 God drikkevannsforsyning	100	55	90	prosent	
	14 Andel tilknyttet vannverk	42	81	88	prosent	
	15 Luftkvalitet, fint ovevestøv	3,3	4,7	5,4	µg/m³	
	16 Skader, behandlet i sykehus	14,2	13,9	13,7	per 1000 (a,k)	
	17 Vold, anmeldte tilfeller	5,4	7,8	6,9	per 1000	
	18 Fornøyd m/ lokalmiljø, Ungd. 2017-19	-	70	68	prosent (a,k)	
	19 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2017-19	-	85	85	prosent (a,k)	
	20 Kollektivtilbud, Ungdata 2017-19	-	61	63	prosent (a,k)	
	21 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2017-19	-	66	65	prosent (a,k)	
	22 Ensomhet, Ungdata 2017-19	-	23	22	prosent (a,k)	
	23 Valgdeltakelse, 2019	67	65	65	prosent	
Helse- og livsstandard	24 Lite fysisk aktive, Ungd. 2017-19	-	14	14	prosent (a,k)	
	25 Røyking, kvinner	4,1	6,6	5	prosent (a)	
	26 Forventet levealder, menn	78,2	79,0	79,4	år	
	27 Forventet levealder, kvinner	81,6	83,2	83,5	år	
	28 Utd.forskjeller i forventet levealder	-	5,5	4,9	år	
	29 Fornøyd med helse, Ungd. 2017-19	-	69	70	prosent (a,k)	
	30 Psykiske sympt./lidelser	157	173	154	per 1000 (a,k)	
	31 Overvekt og fedme, 17 år	34	24	23	prosent (k)	
	32 Hjerter- og karsykdom	16,2	16,9	17,4	per 1000 (a,k)	
	33 Antibiotikabruk, resepter (ny def.)	381	335	306	per 1000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdeknning, meslinger, 9 år	92,7	94,8	96,0	prosent	

Forklaring (tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

* = standardiserte verdier, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

5 Vurdering av planbehovet

Overordna planar:

Både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel er oppdatert per 2020, og ein legg ikkje opp til revisjon av desse i planperioden. Gjennom høyringsprosessen kom det likevel innspel som gjer at delar av dei overordna planane må oppdaterast.

Planføresegnene til kommuneplanens arealdel er samansette av tillegg frå revisjon av kommuneplanens arealdel (vedteken i 2020) og dei gamle føresegnene frå 2014. Føresegnene var tidlegare lagt inn som eit kapittel i samfunnsdelen til den gamle kommuneplanen. Innspel frå Fylkesmannen i Agder blir tatt til etterretning, og planføresegnene til kommuneplanens arealdel bør difor reviderast både i form og innhald. Dette arbeidet bør samstundes dekke revisjon av føresegnene for mineralområde i Åmli, som etterspurt av Direktoratet for Mineralforvaltning.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023 (Kommunal- og moderniseringsdepartementet) meiner regjeringa at ein overordna arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til samfunnet. Planen er ikkje påkravd etter Plan- og bygningslova, men arealstrategien kan «støtte ei heilskapleg avveging mellom nasjonal, regional og kommunal arealpolitikk», noko Fylkesmannen i Agder skriv i sitt høyringsinnspel til oppstartmeldinga. I dag er kommunens arealstrategi gjeve frå satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel, i tillegg arealformål gitt i arealdelen og planføresegnene. Ein vurderer det ikkje som naudsynt å etablere ein eigen arealstrategi utover dette.

Fagplanar:

Kommuneplanen med oppdaterte årsmål for einingane, og resultatsikring med gjennomføring av handlingsplanar, vil vere grunnlaget for styring av kommunen. Dette vil sikre at den strategiske og langsiktige retninga er forankra i kommuneplanen, men samstundes vere fleksibel nok til å ta høgde for endringar i perioden frå år til år. Effekt av arbeidet vil m.a. målast gjennom den årlege Agdertal-pakka frå fylket.

Planar som ikkje følger av plan- og bygningsloven (pbl) omtalast som fagplanar. Som gitt av lovverket skal planlegging vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. Ein vil difor styre mest mogeleg gjennom årsmål utleidd frå kommuneplanen, og i mindre grad gjennom fagplanar.

Fagplanar skal dermed ha som formål å bygge opp kunnskapsgrunnlag og sikre involvering av partar innanfor særområde, for å støtte operativ leiing og målsetjingar i lina. Planbehovet er gjennomgått med Rådmann/leiargruppe med innspel frå kvart einskild tenesteområde.

Av nye planar i planperioden er det foreslått:

- Oversiktdokument for folkehelse inkludert, med leveranse 2020.
- Veteranplan, med fokus på veterankontakt og oppfølging av forswarets veteraner skjer gjennom det ordinære tenesteapparatet i Åmli kommune.

Ein legg opp til periodevis revidering av fleire planar vist under, med tidspunkt som skissert i tabell 2:

- Levekårs- og folkehelseplan 2017-2021
- Omsorgs, - rehabiliterings – og habilitetsplan
- Hovudplan for VA
- Kommunal trafikksikringsplan
- Arkivplan
- Overordna beredskapsplan m/heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.
- Plan for idrettsanlegg, fysisk aktivitet og friluftsområde i Åmli kommune.
- Delegasjonsreglement
- Økonomireglement

- Kulturminneplan
- Vedlikeholdsplan kommunale bygg
- Energi og klimaplan
- Strategiplan for gode oppvekstvilkår for barn og unge - *ny etter innspel frå Fylkesmannen i Agder og Agder Fylkeskommunen i offentleg ettersyn av utkast til planstrategi.*

Andre planar frå planstrategi 2016 - 2019 går ut, men blir styrt gjennom årsmål direkte frå kommuneplanen, utan at endringa seier noko om prioritet for fagområdet.

Matrise med oversikt over planar som skal utarbeidast eller reviderast i løpet av valperioden:

Tabell 2: Planarbeid for 2020 - 2023

Planar	Ansvarleg	Plantype	Status	Tid			
				2020	2021	2022	2023
Økonomiplan m/budsjett 2020 - 2023	Komm.dir	KL/PBL	Rev	X	X	X	X
Planføresegner til kommuneplanens arealdel	Samf	Pbl	Rev		X		
Oversiktsdokument folkehelse med lokale satsingsområde	Komm.dir	Styringsdokument	Ny	X			X
Levekårs- og folkehelseplan 2017-2021	Komm.dir	Styringsdokument	Rev			X	
Omsorgs, - rehabiliterings – og habiliteringsplan	HVF	Fagplan	Rev			X	
Hovudplan for VA	SAMF	Fagplan	Rev			X	
Kommunal trafiksikringsplan	SAMF	Fagplan	Rev	X			
Arkivplan	ADM	Fagplan	Rev				X
Overordna beredskapsplan m/heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.	ADM	Fagplan	Rev		X		
Plan for idrettsanlegg, fysisk aktivitet og friluftsområde i Åmli kommune.	SAMF	Fagplan	Rev			X	
Delegasjonsreglement	Råd.	Fagplan	Rev	X			
Økonomireglement	Råd.	Fagplan	Rev	X			
Kulturminneplan	SAMF	Fagplan	Rev				X
Vedlikeholdsplan kommunale bygg	SAMF	Fagplan	Rev			X	
Opplæringsplan	OPP	Fagplan	Rev				X
Energi og klimaplan	Samf	Fagplan	Rev		X		
Veteranplan	HAB	Fagplan	Ny	X			
Strategiplan for gode oppvekstvilkår for barn og unge	Opp	Fagplan	Rev	X			